Fylkesmannen i Vestland

Sted: Leikanger
Vår ref.(oppgi ved svar): 2019/7282
Dato: 21. september 2020
Dykkar ref.: Mårten Haukjem

TINE SA AVD BERGEN
Postboks 7 Kalbakken (JE)
0901 Oslo

Sakshandsamar::
Grete Hamre

Rapport frå tilsyn ved Tine SA avd. Bergen Espehaugen
Kontrollnummer: 2020.385.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Mårten Haukjem
Julien Lejeune
Audun Engesbak

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Sissel Storebø
Grete Hamre

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsyn ved Tine Meieriet Bergen Espehaugen den 25.08.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka ingen avvik og ga 4 merknader under inspeksjonen.

Merknader:

- Måleprogram og prøvetaking
- Rutine for handtering av farleg avfall
- Påsleppsløyve for oljeutskiljarar
- Avhending av returprodukt

Merknadene er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Sissel Storebø	Grete Hamre
seksjonsleiar	senioringeniør

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: TINE SA AVD BERGEN	
Organisasjonsnr.: 974283689	**Eigd av:** 947942638
Bransjenr. (NACE-kode): 10.510 - Produksjon av meierivarer	

Kontrollert eining

Namn: Tine Meieriet Bergen Espehaugen	**Anleggsnr.:** 4601.0769.01
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt	
Løyve gitt: 5. september 2017	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om verksemda held krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for 2020.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn
- Utslepp til luft
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld merknader som vart avdekka under tilsynet. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Fylkesmannen avdekte ingen avvik innanfor dei områda som vart kontrollerte. Vi ser difor på oppfølginga etter tilsynet som avslutta.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 17. august 2020. I samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta skal verksemder betale gebyr for tilsyn utførte av Fylkesmannen. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Gebyrsatsar for tilsyn med verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Tine Meieriet Bergen Espehaugen betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under tilsynet.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under tilsynet:

Merknad 1

Måleprogram og prøvetaking

Tine SA avd. Bergen har påslepp til Bergen kommune sitt reinseanlegg på Flesland, med utslepp til Raunefjorden. I si fråsegn til høyring av søknaden om utsleppsløyve for det nye anlegget på Espehaugen, bad Bergen kommune om at Tine samkøyrer prøvetakinga med Flesland reinseanlegg slik at ein får parallelle prøveseriar. Vann- og avløpsetaten

ville i tillegg ha alle prøveresultat tilsende fortløpande. Dette er det også sett krav om i utsleppsløyvet, jf. vilkår 11.6. I tillegg har Fylkesmannen bede om å få tilsendt måleprogrammet, jf. vilkår 11.4 og 13.1.

Verksemda opplyste om at det var planlagt eit møte med Bergen kommune om måleprogram og prøvetaking, men dette var utsett på grunn av koronasituasjonen. De har samla saman og sendt over alle analyseresultat frå prøvetakinga til kommunen. Måleprogrammet vert sendt til Fylkesmannen.

Merknad 2
Rutine for handtering av farleg avfall
Verksemda har rutine for handtering av farleg avfall. Denne bør omfatte alle typar farleg avfall som oppstår i samband med drifta og korleis dette vert lagra og avhenda. Rutinen bør også vere knytt opp mot verksemda si miljørisikovurdering.

Merknad 3
Påsleppsløyve for oljeutskiljarane
Verksemda har tre oljeutskiljarar knytte til vaskehall. Oljeutskiljarane vert vedlikehaldne og tømde av eksternt firma.

I vilkår 3.3 i utsleppsløyvet er det sett krav om at oljehaldig avløpsvatn frå verkstader og vaskehall skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljarar. Etter kapittel 15 A i forureiningsforskrifta, og etter Bergen kommune si lokale forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn, treng verksemda påsleppsløyve for oljehaldig avløpsvatn frå oljeutskiljarane.

Merknad 4
Avhending av returprodukt
Verksemda leverer returmelk og juice til bønder. Det er tankbilsjåførane som står for dialogen med mottakarane. Verksemda må ha skriftlege avtalar med alle mottakarar om avhending av biprodukt (t.d. returmjølk og juice) frå produksjonen.

8. Andre tilhøve

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er implementert i norsk rett gjennom kapittel 36 i forureiningsforskrifta. Verksemder som er omfatta av direktivet, skal regulerast med utgangspunkt i kva som vert sett på som dei beste tilgjengelege teknikkane (BAT) for bransjen. Det er utarbeida såkalla BAT referansedokument (BREF) som gjeld næringsmiddelproduksjon og som omtalar desse teknikkane og tilhøyrande BAT-konklusjonar med forpliktande utsleppsnivå (BAT Associated Emission Limits – BAT-AEL)

Om ei verksemd er omfatta av IED eller ikkje, er avhengig av anlegget sin produksjonskapasiteten per døgn. For meierisektoren er det sett ei grense på mottak av 200 tonn mjølk per døgn.

Verksemda har løyve til å produsere 45 millionar liter søtmelk og 5 millionar liter kremfløyte i året. De har opplyst at anlegget har kapasitet til å ta imot 150-180 tonn per døgn fem dagar i veka.

Dersom anlegget aukar produksjonen slik at det vert teke imot meir enn 200 tonn per døgn, vert produksjonen omfatta av IED med tilhøyrande BAT-konklusjonar og krav til utslepp. Verksemda må difor melde frå til Fylkesmannen i god tid dersom det vert planlagt slik auke i produksjonen.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)